

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Otta
Dato: 30.08.2012
Tidspunkt: 18:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	
Ivar Kvalen	Leder	
Eline Orheim	Medlem	
Sven Flo	Nestleder	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Karen Marie Hjelmeseiter	MEDL	
Olve Grotle	MEDL	
Gunnvor A. Sunde	MEDL	
Oddmund Klakegg	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Nils P. Støyva	Karen Marie Hjelmeseiter	

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Steinar Lund	Nasjonalparkforvaltar
Anne Rudsengen	Statens naturoppsyn

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 29/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 30/12	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte		
ST 31/12	Orienteringar		
ST 32/12	Notat om merkevarebygging		
ST 33/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om restaurering av sel på Erdalssætra		2012/2613
ST 34/12	Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til å rydde tilkomst til nasjonalparken frå Nesdalen i Lodalen til Sætedalen, Rutleflåten		2012/3421
ST 35/12	Jostedalsbreen nasjonalpark – søknad om bruk av helikopter til vandrefilm om Skåla		2012/3496
ST 36/12	Jostedalsbreen nasjonalpark – søknad om utvida flygeløyve til Skålatårnet		2012/3126

ST 29/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Vedtak

Merknad til møteprotokollen frå førre møte frå Eline Orheim:

I sakspapira i sak 28/12 står det at det tidligare har vore ein «tilsvarande søknad» (ref. sak nr. 24/11). I den saka var det avgjerande at vedkommande hadde opplysningar som kunne kome ålmenta til nytte. Hans ynskje om å få koma inn til Sunndalssætra var difor ikkje avgjerande for at det vart gitt løyve, men at det hadde ein verdi for ålmenta at han kom inn for å dokumentere rettar og tidligare bruk på Sunndalssætra.

ST 30/12 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll frå førre møte

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Vedtak

Einar Målsnes og Gunnvor A. Sunde blei valgt til å skrive under møteprotokollen frå førre møte, i tillegg til Ivar Kvalen.

ST 31/12 Orienteringar

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Vedtak

Midlar til forvaltningsknutepunkt 2012

Innspel frå Einar Målsnes: Nasjonalparkforvaltaren diskuterer dette med Bremuseet i Fjærland (forvaltningsknutepunkt), og sender eventuelt inn ein søknad.

Samrøystes vedteke.

Andre orienteringssaker

Teke til etterretning.

Saksopplysningar

Status Skålastiprosjektet

Orientering frå Anne Rudsengen i møtet.

Status skiltprosjektet

Utkast til tekst på norsk er laga av Pål Gran Kielland, Ole Runar Aabrekk og Karen Weichert. Det er laga utkast til skilt til fylgjande stadar: Befringsdalen, Stardalen, Fonn, Tungestølen, Lundeskardet, Flatbrehytta, Sunndalen, Haugadalen, Erdalen og Leirdalen.

Tekstane vil bli kvalitetssikra av Anne Rudsengen og Tom Dybwad. Når det er gjort blir det laga ein engelsk versjon. Tekstane blir deretter tilpassa DN sin skiltmal, og arbeidet med å setje opp skilta vil truleg byrje i løpet av hausten.

Status stiprojektet (restaurering av gamle ferdselsvegar)

Ole Runar Aabrekk vil gjennomføre synfaring på dei fem stiane (Kamperhamrane, Oldeskaret, Lundeskaret, Flatbrehytta og Steinmannen) i løpet av hausten. Han utarbeider etter dette ei detaljert oversikt over kva slags vedlikehaldsbehov som trengs. Det er sendt ut brev til grunneigarar, kommunane, turlag og reiselivslag med informasjon om prosjektet.

Status utbetring av parkeringsplassar ved innfallsportar («studentprosjektet»)

Studentar på landskapsarkitektur/landskapsplanlegging på Høgskulen i Sogn og Fjordane vil frå hausten av gjere undersøkingar i felt på fylgjande innfallsportar: Supphellebreen, Bøyabreen, Kjenndalen, Bødalsseter og Tungestølen (eller Bergset). Studentane vil utover hausten jobbe med oppgåver der dei kjem med forslag til gode løysingar for å sjå heilskapen i innfallsportane.

Status mogleg DNT-hytte på Sunndalssætra

DNT Oslo og Omegn har tidlegare hatt turisthytte på Sunndalssætra (fram til ein gong på 60-talet). Dei har no vore i kontakt med eigar av denne hytta for å undersøke moglegheita for å på nytt få bruke denne hytta som turisthytte. Eigaren av hytta og DNT har diskutert fleire moglegheiter. Det kan bli aktuelt å ta i bruk hytta som var turisthytte på 60-talet, eller bruke eit anna sel (som har same eigar). Nasjonalparkforvaltaren var på synfaring på Sunndalssætra 6. august med representantar frå DNT og grunneigarlaget. For at det skal bli aktuelt med turisthytte på Sunndalssætra må grunneigarlaget fyrst bli einige om at dei ynskjer dette. Eit vedtak kan bli gjort tidligast på årsmøtet i påsken 2013. DNT ynskjer å knyte ei turisthytte på Sunndalssætra opp mot hyttene i Breheimen. I dette området er det ein potensiell konflikt med villreininteresser, og dette prosjektet avheng av at dette blir avklara. Dersom DNT, eigar av hytta og grunneigarlaget blir einige, vil det etter kvart kome søknad til nasjonalparkstyret om endringar på bygningen som skal nyttas som turisthytte og eventuelle nybygg (lager) (jf. verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt). Det vil og bli søkt om å merke stien frå Sunndalssætra over Kamperhamrane mot Breheimen (jf. verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 4. strekpunkt).

Ulovleg motorferdsle i nasjonalparken sommaren 2011

Styret har tidlegare fått orientering om ei helikopterlanding utan løyve sommaren 2011 ved Lodalskåpa. Styret v/ dåverande leiar Torodd Urnes og nasjonalparkforvaltar melde då saka til politiet i Sogn og Fjordane. Politiet v/ lensmannen i Luster har handsama saka, og tok kontakt med forvaltaren i juli 2012 då saka var slutthandsama. Saka enda med at det aktuelle helikopterfirmaet godtok ein bot på kr 15 000,- for brot på verneforskrifta.

Midlar til forvaltningsknutepunkt 2012

Det er kome eit brev frå Direktoratet for naturforvaltning (DN) til styret om moglegheita for å søkje om midlar til utvikling av forvaltningsknutepunkt for store verneområde. Søknadsfrist er 15. september. Forvaltaren har ikkje hatt tid til å vurdere grundig om det bør sendast ein søknad, men ser i utgangspunktet ikkje at det er behov for meir midlar til kontorfasilitetar (som har høgast prioritet). Det er og kort tid til å vurdere behovet for oppbygging av nye informasjonsknutepunkt og fornying og eventuelt utviding av utstillingar. Brevet ligg vedlagt møtepapira.

ST 32/12 Notat om merkevarebygging

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Framlegg frå Nils P. Støyva:

Nasjonalparkforvaltaren jobbar vidare med dette, og viser på vegner av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre interesse for å bli ein av dei fire nasjonalparkar som skal prioriterast fagleg og økonomisk.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Nasjonalparkforvaltaren jobbar vidare med dette, og viser på vegner av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre interesse for å bli ein av dei fire nasjonalparkar som skal prioriterast fagleg og økonomisk.

Saksopplysningar

Notat om merkevarebygging

Jf. vedtak i sak 17/12 i styremøte 8.5.2012: «Styret ber nasjonalparkforvaltaren førebu eit notat som grunnlag for vidare diskusjon om merkevarebygging».

Kva er gjort til no

Skilt- og informasjonsprosjekt

2003-2007: Unikt skiltedesign utvikla av designfirmaet Ralston & Bau.



Figur 1: Informasjonsskilt. Foto: Anne Rudsengen

Det er bestemt at desse skilta ikkje blir vidareført, men at det i staden for blir sett opp enklare informasjonsskilt på isblå bakgrunn. Desse skilta byggjer på [malen frå DN](#). Det blir jobba med tekst til 10 skilt (norsk og engelsk) sommaren 2012.

DN sitt arbeid med merkevarebygging og liknande

1. [Målstyrt forvaltning 2008-2010](#)

- Utvalde prosjekt med målsetjing om å utvikle gode metodar for å sikre at verneområde kan bli brukt til friluftsliv og lokal næringsutvikling, utan at det går på bekostning av naturverdiane.

2. [Naturarven som verdiskaper 2009-2013](#)

- Programmet «*Naturarven som verdiskaper*» skal vise korleis vi kan utvikle naturopplevingar i samspel mellom næringsaktørar innan reiseliv, lokalsamfunn, forvaltningsmynde og kunnskapsinstitusjonar.
- 15 prosjekt, blant anna «[Mellom fjell, fjord og folk](#)» i Luster kommune.

3. Merkevarerstrategi for nasjonalparkane

- «*DN skal i samarbeid med Miljøverndepartementet og utvalgte fylkesmenn utarbeide merkevare- og kommunikasjonsstrategi for nasjonalparkane, herunder blant annet felles internettsider, oppdatering av informasjon og samarbeid med reiselivet*»
- Føremålet med prosjektet er todelt: *merkevarestrategi for nasjonalparkane og besøksforvaltning i tilknytning til nasjonalparkane*. Det er gjennomført eit forprosjekt våren 2012 (sjå vedlegg: «*Merkevare- og kommunikasjonsstrategi for nasjonalparkane*»).

Kva kunnskap som finns å bygge på

Kva er sagt om merkevarebygging?

«*Hvorfor verdiskaping i verneområder?*» (foredrag på forvaltarsamling i april 2012) – Rønning (DN):

- «*Trender og overordnede strategier innen reiselivet vil medføre økt bruk av natur framover og vår rolle er å bidra til at den utviklingen skjer med hensyn til naturen!*»
- «*Derfor er naturforvaltningen en viktig samarbeidsaktør for bærekraftig reiseliv i Norge, og det er her vi kan utøve verdiskaping i praksis!*»

Brev frå Erik Solheim til Dovrefjellsrådet, juni 2011:

Nasjonalparkstyret kan på frivillig basis arbeide med tilrettelegging i verneområdene knyttet til utvikling av bærekraftig reiseliv, men kan ikke bruke forvaltningsmidler.»

Tankar om vegen vidare

Stillingsinstruksen min seier lite konkret om dette temaet. Under «*Forvalterens oppgaver*», punkt 2.4 «*Merking og informasjon*» står det fylgjande:

- *Sammen med styret skal forvalteren vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Dette inkluderer oppsetting og vedlikehold av plakater og informasjonstavler. Forvalteren skal bidra til at alt informasjonsmateriell holder høy faglig standard. Eksisterende informasjonsstrategi skal følges inntil det foreligger ny strategi fra Direktoratet for naturforvaltning. Det samme gjelder for besøks- og*

tilretteleggingsstrategier som er etablert. Brosjyrer og annet informasjonsmateriell skal utarbeides i tråd med gjeldende maler.»

I vedtektene for nasjonalparkstyret står det fylgjande:

«8. Styret sine oppgåver

8.4 Merking og informasjon

Styret har ansvar for at det vert gjennomført naudsynt grensemerking og vedlikehald av merkinga av verneområda. Fyrstegongsmerking av eit nytt verneområde vert utført av Jordskifteverket på oppdrag av fylkesmannen.

Som forvaltningsstyresmakt skal styret vurdere behovet for særskilte informasjonstiltak. Styret er hovudansvarleg for informasjonstavler og plakatar, både fyrstegongsoppsett og vedlikehald. Dei skal fagleg kvalitetssikre nasjonalparkbrosjyrar og er hovudansvarleg for andre brosjyrar. Brosjyrar og anna informasjonsmateriale skal utarbeidast i tråd med gjeldande maler. Styret har og ansvar for kontakt med grunneigarar, rettshavarar, brukarar, aktuelle lag og organisasjonar mv i forvaltninga av verneområdet.»

Arbeidsoppgåvene til nasjonalparkforvaltarane, og rolla til styret, blir konkretisert på samlingar som denne på Otta 31. august. Med grunnlag i dette vil eg anbefale å støtte seg til DN sitt arbeid, og leggje ressursane i å oppdatere brosjyrar og anna informasjonsmateriell i tråd med gjeldande maler. Med grunnlag i det som kjem fram på konferansen på Otta 31. august kan styret eventuelt ta stilling til om det skal jobbast vidare med dette temaet.

Arkivsaksnr: 2012/2613-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 16.07.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	33/12	30.08.2012

Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om restaurering av sel på Erdalssætra

Innstilling frå forvaltaren

Løyve med heimel i verneforskrifta § pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt vert gitt på vilkår som går fram under for:

- Legging av bølgeblekk på taket på ei sel på Erdalssætra.

Løyvet vert gitt på vilkår av at:

- Det skal nyttas bølgeblekk med runde former (ikkje firkanta).
- Behandla trevirke, pappa og anna materiale som ikkje bør brennast, skal fraktas ut av nasjonalparken.
- Det skal ikkje liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Vedtak

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga frå forvaltaren.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Kjell Nytun datert 11.6.2012.

Søknaden

Kjell Nytun søker om å skifte ut papp på taket av eit sel på Erdalssætra med bølgeblekk, etter at taket blei skada av orkanen «Dagmar» i vinter. Selet, som er bygd rundt 1930, er på om lag 20 m², med fjøs som eit tilbygg mot vest. Fjøset har bølgeblekk, medan selet har papp på taket, slik det alltid har hatt. Søkjaren vil ikkje leggje torv på taket, sidan han er redd takkonstruksjonen ikkje vil tole det. Bygget ligg spesielt utsett for snø som driv inn frå vest. Søkjaren har i kontakt med nasjonalparkforvaltaren uttalt at han ser det som viktig at taket skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden.

Lovgrunnlag

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift om Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er i forskrifta pkt. III omtala slik:

- *«å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.»*

Jamfør verneforskrifta pkt. IV, 1.3, 1. strekpunkt kan «Forvaltningsstyresmakta, eller den som får fullmakt til det (kan) når særlege grunnar ligg føre gje løyve til:

- *byggje, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under pkt. 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området»*

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...).»

Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Erdalssætra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.»

Dei fleste bygningane på Erdalssætra har torvtak. Dette må såleis seiast å vere den tradisjonelle byggjeskikken på staden. Samtidig er det nokre bygningar som berre har

papp på taket, og nokre få bygningar har bølgeblekk. I samråd med kulturminneavdelinga hos Sogn og Fjordane fylkeskommune har nasjonalparkforvaltaren kome fram til at det ikkje er noko i vege for å bruke bølgeblekk på tak som ikkje tidlegare har hatt torv. Bølgeblekk må vere av den «gamle» typen, med runde former, men treng ikkje vere gamalt/brukt bølgeblekk. Bølgeblekk med firkanta former er ikkje i tråd med tradisjonell byggjeskikk, og bør ikkje tillatas.

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrundlaget for Jostedalssbreen nasjonalpark. Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølsane er difor høgt (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til nokon som helst belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ynskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, papp og anna som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Arkivsaksnr: 2012/3421-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 08.08.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	34/12	30.08.2012

Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om midlar til å rydde tilkomst til nasjonalparken frå Nesdalen i Lodalen til Sætedalen, Ruteflåten

Innstilling frå nasjonalparkforvaltaren

På bakgrunn av innsendt søknad og noverande budsjett for 2012 har nasjonalparkforvaltaren følgjande innstilling:

- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår søknaden om midlar til rydding av stien frå Nesdalen til Sætedalen, Ruteflåten, grunna manglar på midlar til dette i 2012. Søknaden vil bli vurdert på nytt i 2013.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Einar Målsens erklærde seg ugild, og deltok ikkje i handsaminga av denne saka.

Framlegg frå Nils P. Støyva:

Saka blir utsett til neste møte. Nasjonalparkforvaltaren undersøker om det er mogleg å finne midlar til å støtte søknaden.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka blir utsett til neste møte. Nasjonalparkforvaltaren undersøker om det er mogleg å finne midlar til å støtte søknaden.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Nesdal grunneigarlag v/Rune Nesdal datert 22.7.2012.

Søknaden

Nesdal grunneigarlag v/Rune Nesdal søker om midlar til å rydde stien frå Nesdalen i Lodalen til Sætedalen, Ruteflåten. Orkanen «Dagmar» førde til at gran- og lauvtre blas over stien. Dei søker om inntil 100 000,-, men skriv at det er vanskelig å stipulere kostnadane ved ryddinga på førehand.

Vurdering

Det kan vere aktuelt å vurdere å støtte rydding av denne stien. Sidan søknaden har kome inn så seint har ikkje nasjonalparkforvaltaren hatt tid til å reise på synfaring i området. Sidan midlane gjennom bestillingsdialogen og dei frie tiltaksmidlane er fordelt på ulike prosjekt er det heller ingen ledige midlar til dette prosjektet no. Slik eg ser det bør difor søknaden vurderast på nytt i samband med bestillingsdialogen for 2013. Før den tid vil nasjonalparkforvaltaren og Anne Rudsengen i SNO sette seg inn i saka, og kome tilbake til styret med ei ny vurdering.

Arkivsaksnr.: 2012/3496-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 28.08.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	35/12	30.08.2012

Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om bruk av helikopter til vandrefilm om Skåla

Innstilling frå forvaltaren

Løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48 vert gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil to landingar ved Skålatårnet, samt inntil to landingar langs stien til Skålatårnet.
- Lågtflyging under 300 meter over bakken.

Løyve vert gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransporten skal gjennomførast på inntil to dagar, unnateke laurdagar og sundagar, i perioden 13.9.2012 til 28.9.2012.
- Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt for filminga.
- Det skal kome fram av vandrefilmen om Skåla at området ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, og kva føremålet med nasjonalparken er (jf. verneforskrifta pkt. III).
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen (tlf.: 959 63 888) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2012 om gjennomført helikoptertransport.

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 30.08.2012

Framlegg frå Nils P. Støyva:

For å sikre at dei får gjennomført all filminga blir det gitt løyve til inntil fire landingar langs stien.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48 vert gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil to landingar ved Skålatårnet, samt inntil fire landingar langs stien til Skålatårnet.
- Lågtflyging under 300 meter over bakken.

Løyve vert gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransporten skal gjennomførast på inntil to dagar, unnateke laurdagar og sundagar, i perioden 13.9.2012 til 28.9.2012.
- Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt for filminga.
- Det skal kome fram av vandrefilmen om Skåla at området ligg i Jostedalsbreen nasjonalpark, og kva føremålet med nasjonalparken er (jf. verneforskrifta pkt. III).
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen (tlf.: 959 63 888) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2012 om gjennomført helikoptertransport.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad frå Reisemål Stryn & Nordfjord AS

Søknaden

Fjord Norge AS og Innovasjon Norge skal produsere kortfilmar som omhandlar dei beste vandredestinasjonane i Noreg. Skåla er vald ut som ein av fire slike destinasjonar i Fjord Norge-regionen. Søknaden frå Reisemål Stryn & Nordfjord AS gjeld bruk av helikopter til opptak av film frå lufta og til å flytteamerateam i felt. I søknaden er det nemnt at dei vil lande ved Skålatårnet og to stader langs stien til Skålatårnet, og elles flyging i området under opptak av filmen. Det er ikkje presisert om

dei vil fly lågare enn 300 meter, men eg reknar med at det er aktuelt. Dei søker om eit avgrensa tal landingar og flygingar i området inntil to dagar i tidsrommet 13.9.2012 – 30.9.2012. Dei er avhengige av godt vêr, og kan difor ikkje spesifisere tidspunkt nærare.

Lovgrunnlag

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er ikkje heimel i verneforskrifta til å gi løyve til motorferdsel til dette føremålet. Søknaden må difor vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova (nml.) som erstattar den generelle dispensasjonsheimelen i verneforskrifta pkt. VI. I nml. § 48 står det at *«forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig»*.

Verneforskrifta pkt. IV, 4.3, 5. avsnitt skal leggjast til grunn for løyve etter verneforskrifta pkt. IV, 4.3, men det er òg naturleg at avsnittet er retningsgjevande for eventuelle løyve etter nml. § 48: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsle til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

Vurdering

Naturen sine egne lydar, «stillheit» og fråvere av motordur og motoriserte køyretøy er ein viktig kvalitet ved urørd natur. Det er difor eit mål å halde motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark på eit minimum. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark står fylgjande om motorisert ferdsel til den typen føremål det er søkt om her:

«Transportbehov for mediaoppdrag skal handsamast etter den spesielle unntaksparagrafen i verneforskrifta (pkt. VI) og vil bli vurdert konkret. I utgangspunktet vil berre ikkje-kommersielle tiltak som utgjer særlege tilfelle og med innhald i tråd med føremålet med vern, som t.d. opplysningsfilmar om verneområdet få løyve. Reklamefilmar, spelefilmar o.l. bør leggjast andre stader utanfor nasjonalparken.»

For at ein skal kunne gi ein dispensasjon etter nml. § 48 må tiltaket ikkje stride mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Dersom desse to vilkåra er oppfylte er det opp til forvaltningsmyndigheita si skjønning innanfor rammene av alminneleg forvaltningsrettslege reglar og retningslinjer og instruksar frå overordna myndigheit å vurdere om det skal gis dispensasjon. Forvaltningsmyndigheita bør særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon, til dømes om det kan kome liknande søknader på same grunnlag. Dispensasjon etter nml. § 48 kan ikkje brukast til å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er (jf. verneforskrifta pkt. III):

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

- *å verne om kulturminne og kulturlandskap.*

Føremålet med transporten er å lage ein film som skal promotere Noreg som reisemål i internasjonale marknader, og som skal gi internasjonal eksponering av naturen og vandremoglegheitene i Stryn kommune. Som det går fram av forvaltningsplanen er det berre aktuelt å gi løyve til motorisert ferdsel til tiltak som har innhald i tråd med føremålet med vernet. Etter forvaltaren si oppfatning er det noko uklart om føremålet med filmen kjem inn under kategorien opplysningsfilm der den verna naturen er eit sentralt tema. Det er avgjerande at filmen formidlar naturverdiane i Jostedalbreenn nasjonalpark, og at det kjem fram at området er del av ein nasjonalpark, og dette bør vere eit vilkår for eit eventuelt løyve. Filmen kan på den måten få ein nytteverdi.

Helikoptertransport kan vere skadeleg i form av støy og forstyrning. Dette kan vere skadeleg for naturmangfaldet (dyreliv) og vere forstyrrende på folk i området, og difor vere i konflikt med verneføremålet, som blant anna er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv. Forvaltaren kjenner ikkje til at det er registrert spesielt sårbart biologisk mangfald i området som kan bli skadelidande av helikoptertransporten. Erfaring frå 20 år med forvaltning har gitt forvaltningsstyresmakta god oversikt over naturmangfaldet i området, og eg vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml. § 8). Det er ganske omfattande bruk av motorisert ferdsel til Skålatårnet. Samtidig er det stor ferdsel av turgåarar. Ein kan diskutere om samla påverknad på området kan vere i meste laget (jf. nml. § 10), og om bruken av motorisert ferdsel i området kan påverke verneverdiane nemneverdig. Per i dag har vi ikkje informasjon som tyder på at samla belastning på økosystemet er for stor, men vi bør vere på vakt for ei utvikling mot stadig meir aktivitet i dette området. Sidan det er til dels mykje motorisert ferdsel i området bør det stillast vilkår som sikrar at helikopterflyginga ikkje fører til unødvendig uroing av friluftslivet, som til dømes at løyvet ikkje gjeld for laurdagar og sundagar, då det erfaringsmessig er flest turgåarar i området desse dagane. Helikoptertransport er i utgangspunktet ikkje venta å føre til direkte skade på naturmangfaldet, men ved eventuelle utslepp og liknande vil tiltakshavar måtte dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skadar på naturmangfaldet (jf. nml. § 11). Bruk av helikopter til transporten er sett på som den mest hensiktsmessige i forhold til andre typar motorisert ferdsel (jf. nml. § 12).

Arkivsaksnr.: 2012/3126-0

Saksbehandlar: Steinar Lund

Dato: 28.08.2012

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	36/12	30.08.2012

Jostedalsbreen nasjonalpark - søknad om ekstra flygeløyve til Skålatårnet

Bergen Turlag søker om å få utvida løyvet dei fekk i sak 27/12 til å gjelde ut september. Nasjonalparkforvaltaren vurderer ei eventuell utviding av løyvet til å ikkje påverke verneverdiane i større grad enn det opphavlege løyvet gjorde, og gjer framlegg om å utvide løyvet til å gjelde ut september.

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Løyve vert gitt på vilkår som går fram under for:

- Inntil åtte landingar med helikopter ved Skålatårnet, i tida 15. juli til 29. september 2012 utanom sundagar og heilag dagar, for frakt av muremateriale, aggregat, verktøy og arbeidarar for å gjennomføre murearbeid på Skålatårnet.

Løyvet vert gitt på vilkår av at:

- Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt.
- Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området slik at ein så langt som mogleg unngår å uroe desse.
- Statens naturoppsyn Jostedalsbreen ved Anne Rudsengen (tlf.: 959 63 888) skal varslast på førehand om kva for dagar de skal gjennomføre helikoptertransporten.
- Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.
- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.11.2012 om gjennomført helikoptertransport.